

Fra: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>
Sendt: fredag 25. august 2023 09:41
Til: Per Sveinar Morsund
Emne: Sak 23/1515 - Eidsnes kai/næringsområde

Viser til kommunen sitt brev av 16. august 2023.

Etter å ha lese brevet sit vi igjen med fleire spørsmål, blant anna følgjande:

I.

Vi oppfattar at kommunen vurderer at sjølve aktiviteten steinknuseverk/mineraluttak ikkje er innanfor arealføremåla i reguleringsplanen, men at kommunen meiner tiltakshavar har høve til å drive slik verksemd "*som eit midlertidig tiltak*".

1. Er dette ei korrekt tolking frå vår side?
2. Dersom ja; kor lenge vurderer kommunen at tiltakshavar har høve til å drive steinknuseverk/mineraluttak som eit "*midlertidig tiltak*"?

Næringsområdet har no vore under opparbeiding sidan 2015-16.

II.

I reguleringsplanar for andre steinknuseverk/mineraluttak finn ein detaljerte føresegner om kva aktivitetar ein kan drive i ulike tidsrom, driftstid, utslepp til luft/vatn, støy m.m.

Miljøstyresmaktene tilrår nettopp også det vert lagt inn slike krav i planar eller løyve. Dette skuldast jo at denne type aktivitet er svært sjenerande for omgjevnadene. Dei allmenne krava i forureiningslova og forureiningsforskrifta vert vurderte som utilstrekkelege.

Gjeldande reguleringsplan inneheldt ikkje slike detaljerte føresegner. Det er ein generell/standard næringsplan, ikkje ein "pukkverksspesifikk" plan.

Plan- og bygningslova § 12-7 nr. 3 gjev heimel for å fastsetje konkrete krav i reguleringsplanar. Kommunen har også høve til å føre tilsyn og gje pålegg om avbøtande tiltak, jf. plan- og bygningslova § 28-2.

3. Kvifor er det gjeve løyve til ei storstilt utbygging/planering, som inneber uttak av 1 million kubikk med stein, utan at det er stilt krav i plan eller løyve tilsvarande dei som normalt blir stilt til slike steinknuseverk/mineraluttak?
4. Kva vurderingar har kommunen gjort rundt dette (om nokon)?
5. I alle tilfelle, når ein no kjenner realitetane, kvifor vurderer ikkje kommunen å stille krav og pålegg om avbøtande tiltak?

III.

Ein blir jo også nysgjerrig på kva undersøkingar og vurderingar som er gjort i samband med tilsynet av næringsområdet, m.a.o. kva som vart synfart på staden i juni d.å.

Ber kommunen klargjere dette.

Venleg helsing,
Jo-Harald Færø